

Kyrkjebladet for VAKSDAL



81. ÅRG. / NR. 3 - 2026

Aktivitetar for små
og store born i haust
Sjå midtsidene



Amerikabesøk

Side 5

Vaksdal Indremisjon 150 år

Side 12



www.kyrkja.no/vaksdal

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14

Kyrkjevevje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Vikarprest Roar Strømme (70%)

Prest i Vaksdal og Stamnes og Eidsland sokn

Mobil: 97 03 77 37 / E-post: rs466@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Bergsdalen, Eksingedalen
og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Kyrkjelydspeagog Kristin Straume Normann (50%)

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Organist Ann Jorun Hopen (50%)

Mobil: 46 66 91 99 / E-post: ah245@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid (50%)

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Kyrkjelydssekretær Martin V. Kvamsøe (40%)

Tlf. 56 59 39 20 / E-post: mk279@kyrkja.no

Konfirmantansvarleg Marianne Magnussen (20%)

Tlf: 97 50 77 39 / vegen.vaksdal@kyrkja.no

Samtale med presten?

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester mmm m finn du på
kyrkja.no/vaksdal og skjerikyrkja.no

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Søralsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

VIPPS

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111

**Stoff til neste nummer må vera kome
inn til 9. november.**

Bilete på framsida: Kyrkjebladet

ENDRING
I PERSONALET**Ruben Sverre Gjertsen** har slutta i Vaksdal,
og er no kontor i Fana.**Frode Raymond Vik** har gått frå 50%
til 100% stilling som organist i Vaksdal.**Ann Jorun Hopen** har byrja som organist
i Vaksdal i 50%.**Marianne Magnussen** har byrja som
konfirmant-ansvarleg i Vaksdal i 20%.

Fellesrådsleiar:

Elisabeth Verpelstad, tlf. 40 89 53 24 /

e-post: elisabeth.verpelstad@icloud.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen: Kari Kristin Hopperstad Rødland, tlf. 97 79 19 43

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Kari Brørvik, tlf. 99 48 59 18

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Tove Margrete Nordmark, tlf. 99 64 23 17

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no**Björgvin bispedømme si heimeside:** www.kyrkja.no/bjorgvin**Bibelen på nett:** www.bibel.no

KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Avgiftsfritt.

Bladpengar: kr 250,-

Bankgiro: 3500.07.05800

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Bladstýrar: Kyrkjevevja i Vaksdal**Grafisk utforming:** Wenche Horvei**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:** RK Grafisk, tlf. 99 21 42 00**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjeblader frå 1971 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal

Kjære sambygdingar!

Bergsdalen sokneråd kallar med
dette inn til MEDLEMSMØTE i soknet**Tid:** Torsdag 15. oktober kl. 19.30-21.00**Stad:** Kyrkjekjellaren**Tema:** Framtida for Bergsdalen kyrkje -
korleis vil me ha det i framtida?

Velkommen til samtale.

Det blir enkel matservering.



Er du ein arving?

Dei aller fleste av oss er vel arvingar? Det tyder at me arvar noko etter nokon me er i slekt med - eller nokon som har gjort oss til arvingar. Ein gamal klassikar er den om å arve «ein rik onkel i Amerika» og dermed brått og uventa får mykje pengar i fanget. Ei arv får me som regel utan innsats eller noko me gjer oss fortente til. Arv er noko som vert gjeve til oss.

Me kan arve så mangt. Utsjånaden, til dømes. Det er sagt at frå naturen si side så liknar nyfødde på sin far, slik at farskapet skal vere tydeleg for alle. Om det er nett slik kan ikkje eg garantere, men det kan vonleg andre gjere. Det er ofte me kjenner att nokon på deira foreldre eller besteforeldre når me ser dei. Andre sider kan me og kjenne att slektsforhold på er gangelaget, temperament og humor.

Pengar og eigedom er og noko som kan arvast. Det kan skje når ein er nær i arverekkefylgja, eller når ein er ein fjern slektning der nærare slektningar ikkje finst. Somme gonger er slik arv forventa, og er kan hende rekna med i dei økonomiske vurderingane for framtida. Somme gonger gjer ei mogleg arv at nokon vert grådige, egoistiske og misunnelege, og det oppstår diverre strid og uoppretteleg uvenskap sjølv mellom sysken og andre nære familiemedlemar.

Trass i det som står over her: Den arv eg vil lyfte fram her er at me alle kan arve himmelriket. Arve æveleg liv!

Å vere kristen er såleis ein «status» me får i arv, det er ikkje noko me gjer oss fortente til. Ikkje noko me oppnår gjennom god innsats og eit lytefritt liv (som vel forresten ingen får til å leve?). Blant breva i det nye testamentet finn me det relativt korte brevet til Titus. Titus er ein som hadde fått høyre evangeliet og kome til tru på Jesus. Apostelen Paulus skriv slik i sitt brev til Titus (Titus 3, 4-7):

*Men det vart openberra
kor god vår Gud og frelsar er,
og kor han elsker menneska:
Han frelste oss,
ikkje fordi vi hadde gjort rettferdige gjerningar,
men fordi han er miskunnsam.
Han frelste oss
ved badet som gjenföder
og fornyar ved Den heilage ande,
som han så rikeleg har aust ut over oss
ved Jesus Kristus, vår frelsar,
så vi skulle bli rettferdige ved hans nåde
og bli arvingar til det evige livet, som er vår von.*

Denne gáva er det altså berre for oss å ta imot.

Me er jo arvingar!

Helsing
Frode Kvamsøe

Min salme

Denne gongen vert det ein pause i «salme-stafetten» vår. I vårt land har me nett teke farvel med ein konge – og helsa ein ny konge velkomen.

H.M. kong Harald V døydde den 28. august.

Same dag fekk me ein ny konge; H.M. Haakon VIII. Min salme denne gongen vert difor Kongesangen; ei bøn for den nye kongen og hans hus.

KONGESANGEN

Norsk Salmebok nr. 753 | T: Engelsk omkr 1743, etter O Deus optime, 1688

| O: N. Fogtmann 1879/Gustav Jensen 1915 | M: «Thesaurus Musicus» London 1744

Gud, sign vår konge god!
Sign ham med kraft og mot,
sign hjem og slott!
Lys for ham ved din Ånd,
knytt med din sterke hånd
hellige troskaps bånd om folk og drott!

Det var 35 år sidan sist dette hendte i Noreg, og såleis noko me ikkje har mykje røynsle med. Noreg stoppa opp den dagen kong Harald døydde. Like eins den dagen han vart gravlagt. Kong Harald sin død vart markert i kyrkjene på fleire vis. Det vart kima med klokkene den dagen han døydde. Og det var tre slag i klokkene før og etter eitt minutt med

stilla då gravferda starta. Etter gravferdsseremonien i Oslo domkyrkje og Akershus slottskyrkje ringte klokkene i ein time. Då kong Harald døydde var det til ulike tidspunkt opne kyrkjer på Vaksdal, Dale, Stamnes og Eidsland, med høve til å skrive i kondolanseprotokollar. Desse protokollane er sendte til Slottet for oppbevaring.



OPEN KYRKJE: Frå open kyrkje på Stamnes og Dale helga etter at kong Harald døydde.

Vaksdal Musikklag innbyr til
HAUSTKONSERT

i Vaksdal kyrkje
fredag 30. oktober kl. 19.00.



AMERIKABESØK: Besøk på Vik. Frå venstre Sigmund Simmenes, Julie, Claire, Lyle og Wanda Askelson, Tommy Vik.
Foto: Mons Johan Vik

Amerikabesøk i Stamnesbygda

To ektepar frå USA kom på besøk til Vik og Stamnes 2. august.

Mennene hadde oldeforeldre som kom frå Vik og Hermundsdalen. Dei to som emigrerte i 1873 var Askjel Monsson Vik (1834 – 1905) og Olina Knutsdotter Hermundsdal (1839 – 1918).

Det var både regn og skodde den dagen amerikanarane vitja vårt område, så dei måtte nøya seg med å sjå Hermundsdalen frå Furnestraet. Ein tur til Hermundsdalen ville gjort seg best i fint ver og med god tid.

Gardsbesøk

Slekta i Vik kom frå bruk 1, men frå ei anna slekt enn den ætta som bur der no. Men gjestane var mest interesserte i staden Vik, og det fekk dei bra valuta for. Tommy og Mons Johan Vik tok imot og viste dei bruket og husa slik det er i dag. Men også

gamle bilete som viste garden Vik slik det såg ut då oldemora til gjestene vaks opp der.

Kyrkjebesøk

Sidan dei utflytta Askjel og Olina vart vigde i Stamnes kyrkje i 1861, var dei nok blant dei aller første som gifte seg i den då heilt nye kyrkja, som vart ferdigbygd og teken i bruk det året. Gjestane fekk omvising i kyrkja med påfølgjande historie om alle gudshusa som har stått på Stamnes. Det første var dei åsatruande sitt hov. Det vart avløyst av ei lita stavkyrkje då kristendomen vart innført. So kom kyrkje nr. 2 frå 1600-talet og fram til kyrkje nr. 3 vart innvia i 1861. Kyrkje nr. 2 var i privat eige nettopp av eigarane av Hermundsdalen.

Inngangsdøra frå den kyrkja er enno i bruk på Hermundsdalssæteret! Altertavla frå den andre kyrkja finn me i dagens kyrkje og alterbordet av stein, som tavla sto på, ligg no utanfor kyrkja ved bautasteinen over dei to falne frå Stamnes i andre verdskrigen.

Det vart også ein tur til Hesjedalsfossen, som etter lang tids regn var rekordstor og utgjorde ei fin avslutning av amerikabesøket i bygda. Dei kjem sikkert att ein annan gong, og då lyt det ordnast med treff med etterkomarar av slekta til utvandrarane frå 1873.

*Referent, omvisar og fotoansvarleg:
Sigmund Simmenes*

KONFIRMANTJUBILEUM I HAUST

Vaksdal kyrkje: Søndag 4. oktober kl. 11.00.

Gudsteneste for alle som vil koma, og fest i bedehuset for 50- og 60-årsjubilantane etterpå.

Dale kyrkje: Søndag 11. oktober kl. 11.00.

Gudsteneste for alle som vil koma og fest i bedehuset for 50- og 60-årsjubilantane etterpå.

Saknar du innbyding?

Ta kontakt med soknerådet (Sjå info side 2)

SØNDAG FOR DEI FORFYLGDE 15. NOVEMBER

Søndag for dei forfylgde er en viktig global merke-dag i kyrkjeåret. Denne dagen står kyrkjelydar over hele verda saman i bøn for den forfylgde kyrkje. Menneske som blir forfylgde for sin tru bed om vår forbøn og støtte.

Dagen vert vanlegvis markert andre søndag i november, men me gjer det etter planen med ei **fellessamling**

i Stamnes bedehus søndag 15. november kl. 19.00.

Arrangementet er eit fellesarrangement mellom indremisjonane og kyrkjelydane i Vaksdal.

HAUSTKONSERT i Bergsdalen 14. november - med smak av jul

Bergsdalen sokneråd innbyr nok ein gong til konsert i kyrkja. I år er det Martha Lise H. Langeland som kjem. Med seg har ho Frode Vik på piano, samt ein gjestesolist; Hege Anita R. Tveito. Alle desse har sunge og spela i kyrkjer i Vaksdal tidlegare, men dette er fyrste gongen dei opptrer saman.



KELY MANDRESY: Framme frå venstre: Frøydis Gullbrå og Svein Tollefsen saman med medarbeidarar og andre som er engasjerte i skulen.

Nytt om skulen Kely Mandresy på Madagaskar

Kely Mandresy er ein barne-skule på Madagaskar med 325 elevar for delt på 2 barnehage-grupper og 1.-5. klasse. Skulen ligg i eit svært fattig område, der mange barn ikkje fekk skulegang før denne skulen vart stifta. Skulen er gratis for dei fattigaste. Det var tidlegare misjonær Anne Marie Reimers og gassiske Pako som oppretta skulen i 2010. Skulen blir no driven av innsamla midlar via ei veldedig stifting, der mange i Vaksdal støttar jamnt. Svein og Frøydis i Eksingedalen er med i leiinga i stiftinga.

Det har hendt mykje ved skulen siste året. Ved påsketider besøkte ein liten gjeng frå Norge skulen (for ordens skuld: alle utgifter til turen har blitt dekkja privat – ingenting av innsamla midlar går til slikt). Det er alltid stor stas å kome ned dit for å treffe dei glade og takknemlege elevane og kjekke, dedikerte lærarar. Når me besøker skulen får me sett korleis undervisninga føregår – i den grad dei klarer ha undervisning med besøk. Me får også innblikk i utfordringar og behov. Elevane har framvising for oss og me får også besøka heimane til enkelte elevar. Sterke møter som får fram både latter og tårer. Me blir vitner til ekstrem fattigdom, og får eit lite innblikk i korleis liva deira er.

Denne våren vart leiinga ved skulen endra. Den tidlegare skulesjefen Pako har blitt pensjonist – og i staden er der sett

saman ei lite gruppe av lærarar som blir skulen sitt styre framover. Leiar for desse er rektor Marcellin. Ved besøket i påska fekk me takka Pako for alt ho har gjort gjennom mange år, og kva er meir naturleg enn ei jakke frå Dale som gåve. Pako sette stor pris på denne.

Nytt skuleår startar på Madagaskar i starten av september. Det har vore stor pågang av elevar som ynskjer gå på Kely Mandresy. Det har vore tøff oppgave for nytt skulestyre å skulle avvise nokre og velge ut kven som fekk kome inn på skulen. Dei har gitt foreldreause elevar først prioritet. Det er mange barn som har mista mor eller far tidleg på Madagaskar, og desse familiene slit ekstra økonomisk då der ikkje er noko sosialstøtte i det landet.

Skulebygga ved Kely Mandresy er veldig enkle trebygg med pålar, enkle glisne veggjar og bølgeblikk-tak. Området skulen ligg i er utsett for årlege sykklonar, og bygningane tåler dårleg dette. Framover no arbeider me for å få erstatta desse enkle skulehusa med meir robuste bygningar. Dette krev planlegging og ein god del ekstra midlar. Me får seia som Anne Marie Reimers brukte å seie: «Det vil ordne seg».

Om fleire vil vere med å støtte dette prosjektet, finn de informasjon på nettsida vår www.kely.no

VEGEN-AVISA

Ein stad å høyra til - og noko å veksa i

Kyrkja har fått ein ny plan for det som før oftast vart kalla trusopplæring. No brukar me namnet kyrkjeleg undervisning og læring. Det kan høyrast litt høgtideleg ut. Men eigentleg handlar det om noko ganske jordnært: At menneske skal få bli kjende med den kristne trua.

At me skal få undra oss, spørja, erfara og læra – gjennom heile livet. For læring skjer ikkje berre når nokon står framme og underviser. Ho skjer når me syng ein song saman. Når eit lite barn kjenner att ei rørsle frå babysongen. Når ein tiåring får vera med og laga mat. Når ungdomar snakkar om noko dei verkeleg lurar på.

Når generasjonar møtest. Når me høyrer ei bibelforteljing, tenner eit lys, ber ei bøn – eller berre kjenner at her er det plass til meg.

Den nye planen inviterer oss til å sjå meir av dette i samanheng. Kyrkja skal ikkje berre ha enkelte «tiltak» som barn og unge kan koma på. Me ønskjer å

byggja fellesskap der menneske i ulike aldrar kan høyra til, delta, læra og utforska tru og liv saman. Her hos oss skjer mykje av dette allereie.

På dei neste sidene finn du noko av det som skjer denne hausten. Klipp gjerne ut det som passar for deg – og heng det på kjøleskapet.

SUPERONSDAG: Mellom samlingane på Superonsdag, er det mykje lek og latter!



SÅPEBOBLER: Martea i såpeboblebonanza på Stamnes.



IVRIG: Styrk ventar ivrig på «babysong-havet», som er ei gamal ikea-gardin.

DETTE SKJER:

Baby- og småbarnssong (0-2 år)

Sanserike samlingar for dei yngste borna. Sjølv songstunda er ca kl 12.00. Lunsjtreff før og etter. Kom/gå som det passar! Ta gjerne med niste, me har drikke og frukt.

Onsdagar kl. 11.30-13.30:

i Dale bedehus: 26. aug, 9. sep, 23. sep, 7. okt, 4. nov, 18. nov, 2. des

i Vaksdal kyrkje: 2. sep, 16. sep, 30. sep, 14. okt, 28. okt, 11. nov, 25. nov

Generasjonssong på på Dale og Vaksdal

Nokre føremiddagar i månaden syng me saman med dei eldste i kommunen på Jamnetunet og Daletunet. Dette er mykje likt babysong, og passar for born 0-2 år. Kaffi og kaffimat etter samlinga!

Jamnetunet: 25. sep, 23. okt, 20. nov, 11. des

Daletunet: 8. sep, 10. nov

Tid: Kl. 11.00-12.00

Etter skuletid (5.-7. trinn)

Ein trygg stad å vera etter skulen. Varmt måltid (ofte pølser) til alle!

Onsdagar kl. 14.00-15.00:

i Dale bedehus:

26. aug, 23. sep, 4. nov, 2. des

i Vaksdal kyrkje:

2. sep, 30. sep, 28. okt, 25. nov

Knøttesong (1-6 år)

Opplevingsrike samlingar med leik og song forborna i aldersgruppa. Mat, prat og frileik etterpå. Ta gjerne med niste, me har frukt og kaffi/te/vatn.

Onsdagar kl. 17.00-18.00:

i Dale bedehus: 26. aug, 9. sep, 23. sep, 7. okt, 4. nov, 18. nov, 2. des

i Vaksdal kyrkje: 2. sep, 16. sep, 30. sep, 14. okt, 28. okt, 11. nov, 25. nov

Knøttesong i Stamnes bedehus

Me har òg sanserike songsamlingar for born 0-6 år i Stamnes allaktivitetshus nokre laurdagar i halvåret. Songstunda er fyrst, og etterpå er det ei lita matøkt

Datoar: 29. aug, 31. okt, 28. nov kl. 12.00-13.00

Barnekor (frå 6 år)

Me syng saman, kjende og nye songar! Etterpå leikar me og et litt frukt.

Onsdagar kl 18.30-19.30:

i Dale bedehus: 26. aug, 9. sep, 23. sep, 7. okt, 4. nov, 18. nov, 2. des

i Vaksdal kyrkje: 2. sep, 16. sep, 30. sep, 14. okt, 28. okt, 11. nov, 25. nov

i Stamnes bedehus: torsdagar kl. 17.00

Mellomrom (8.-10. trinn)

Ein trygg stad å vera etter skulen. Varmt måltid (ofte pølser) til alle!

Onsdagar kl 14.00-15.00:

i Dale bedehus: 9. sep, 7. okt, 18. nov

i Vaksdal kyrkje: 16. sep, 14. okt, 11. nov

Hugs også...

Utdeling av bok til årets fireåringar, seksåringar og tiåringar skjer i gudstenester lokalt, desse datoane:

Eksingedalen:

Søndag 25. oktober kl. 11.00

Vaksdal:

Søndag 8. november kl. 11.00

Stamnes:

Søndag 8. november kl. 16.00


Dale: Søndag 15. november kl. 11.00
(utan tiåringar)

PS: I Bergsdalen vert det hausttakkefest der alle born med familiar er innbedne søndag 18. oktober kl. 11.00

Her kan eg koma som eg er.
Her kan eg høyra til.
Her kan eg undra meg.
Her kan eg veksa.

FINN FEM FEIL

Set ring rundt dei fem feila.



ORIGINALEN

FINN FEILA

ORDLABYRINT

Her i Vaksdal har me sju kyrkjer.
Finn namnet på alle kyrkjene i ordlabyrinten, og set ring rundt dei.



Q	W	R	T	Y	U	P	L	K	J	H	G	F
B	E	R	G	S	D	A	L	E	N	Q	W	M
M	N	B	V	C	X	Z	L	K	J	H	G	F
P	E	K	S	I	N	G	E	D	A	L	E	N
A	S	D	F	G	H	J	K	L	Q	W	E	R
T	Y	U	I	N	E	S	H	E	I	M	O	P
Z	X	C	V	B	N	M	Q	W	E	S	V	A
L	K	J	H	G	F	D	S	A	R	T	A	T
E	I	D	S	L	A	N	D	P	Y	U	K	K
H	G	F	D	S	A	D	E	P	Q	W	S	S
Q	A	Z	W	S	X	A	O	K	L	M	D	N
T	G	B	Y	H	N	L	J	U	I	O	A	E
P	L	M	O	K	N	E	J	B	U	H	L	S

HAUST

SUPERONSDAG

Dale bedehus: 23. sep, 7. okt, 4. nov, 18. nov, 2. des
i Vaksdal kyrkje: 30. sep, 14. okt, 28. okt, 11. nov, 25. nov

11.30-13.30: **Baby- og småbornssong** (0-2 år)

Sanserike samlingar for dei yngste borna. Sjølv songstunda er ca kl. 12.00.

Lunsjtreff før ogetter. Kom/gå som det passar!

Ha gjerne med niste, me har drikke og frukt.

14.00-15.00: **Etter skuletid** (5.-7. trinn) **Mellomrom** (8.-10. trinn)

Ein trygg stad å vera saman etter skulen. Varmt måltid (ofte pølser) til alle! Etter skuletid på datoane med strek under, Mellomrom på datoane utan strek under.

17.00-18.00 **Knøttesong** (1-6 år)

Opplevingsrike samlingar med leik og song for borna i aldersgruppa. Mat, prat og frileik etterpå. Ta gjerne med niste, me har frukt og kaffi/te/vatn.

18.30-19.30: **Barnekor** (6 år og oppover)

Me syng saman, kjende og nye songar! Etterpå leikar me og et litt frukt.

Knøttesong i Stamnes bedehus

Me har òg sanserike songsamlingar for born 0-5 år i Stamnes allaktivitets-
hus nokre laurdagar i halvåret. Songstunda er fyrst, og etterpå er det ei lita
matøkt. **Planlagte datoar: 31. okt, 28. nov Tid: Kl. 12.00-13.00**

Generasjonssong

Nokre føremiddagar i månaden syng me saman med dei eldste i
kommunen på Jamnetunet og Daletunet. Dette er mykje likt babysong,
og passar for born 0-2 år.

Jamnetunet: 25.sep, 23.okt, 20.nov, 11.des **Daletunet:** 10. nov

Tid: Kl. 11.00-12.00 (Lett servering etterpå, kaffi og kaffimat)

VELKOMEN INN

Arr: Kyrkjene i Vaksdal. Kristin S. Normann leier samlingane. Sjå gjerne facebookside
«Vegen i Vaksdal» for arrangement, eller bli med i facebookgruppa «Babysong, småbornssong
og knøttesong i Vaksdal» for å påminningar og oppdateringar undervegs ☺ Alt er gratis!

Konfirmantåret er i gang



LEIK: Det er ikkje berre alvor i konformasjonstida. Her er konfirmantane med på ein leik då dei var samla på Vaksdal fyrste søndagen i september.

Over 20 konfirmantar har meldt seg på konfirmant-opplegget i Vaksdal, og samlingane har såvidt kome i gang. De fleste konfirmantane vil vere delt i to grupper for ei del av samlingane, medan andre samlingar vil vere felles. Det er og ein konfirmant som bur i Eksingedalen, men

ho skal fylgje opplegget til konfirmantane i Modalen.

Som før skal konfirmantane vere med på 8 gudstenester i løpet av konformasjonstida, og dei vil bli engasjerte til ulike oppgåver i samband med desse gudstenestene.



Haustleir

På Fagertun

Leir for deg som går i 4-7. trinn og 7.-10. trinn helga **30. oktober- 1. november.**

Me håpar du vil koma, du som har vore med før og du som er nyl!

På leir vil du mellom anna få:

- Høyra om Jesus og Bibelen
- Treffa nye venner
- Væra med på kjekke aktivitetar både ute og inne

Leiren kostar kr. 650,- (500,- for evt. sysken nr 2 osv.), ta kontakt om du treng økonomisk støtte til leiren.
Påmeldingsfrist: 22 okt.

Påmelding: leir@fagertunleirstad.no
Hugs å oppgje: Namn, adresse, klassetrinn, telefonnummer foreldre/foresatte, e-postadresse og evt. allergier eller annan viktig info. Sei også om barnet skal ta buss til leiren, evt frå kva haldeplass. Buss frå Dale stasjon til Fagertun fredag.

Me håpar at akkurat DU vert med!
Meir info kjem på mail når det nærmar seg leir, for dei som har meldt seg på. Treng du vita meir om leiren før du melder deg på, ta kontakt på leir@fagertunleirstad.no eller Coril Nesheim; 93054636.
Arr: Barne og ungdomsrådet-Samernisjonen

Velkomen på leir ❤️



SPØTE-KAFE



Me vil med dette invitere til **SPØTE-KAFE.**

Det er onsdagar i oddetalsveker fram til desember

KL 17-19 | SAKRASTIET I STAMNES KYRKJE

- Dette er eit lavterskeltilbod, me har kaffi og te og noko lite å bita i.
- Kom med eller utan spøte!
- Ta med deg ein venn eller nabo, du treng faktisk ikkje kunna hekla eller strikka, målet vårt er å treffast å ha ei gild stund ilag
- Me gler oss til å sjå akkurat deg!

Av hensyn til allergiar, ønskjer me ei parfymefri samling

ALLE er velkomne

Beste helsing
Soknerådet





GÅVE: Ordførar Hege Eide Vik hadde helsing og gåve med frå Vaksdal kommune.

Vaksdal Indremisjon 150 år

I slutten av august feira Vaksdal Indremisjon eit høgt jubileum, og synte seg med det å vere ein av dei eldste foreiningane i Vaksdal.

Jubileet vart feira i Vaksdal bedehus. Det bedehuset vart vigsla i 1932 og er såleis mykje yngre enn foreininga sjølv. Helge Gullbrå leia festen, og førte festlyden gjennom foreininga si historie. Erna Tolås, ein av dei eldste noverande medlemmane vart intervjuar om sine minner

frå indremisjonen si søge. Det vart fleire helsingar og gåver til jubilanten, og andakten vart halden av Asle Hetlebakke. Han har vore forkynnar i Nordhordland Indremisjon i mange år, og har vore mange gonger i bedehuset tidlegare.



DELTE MINNER: Åshild Rene intervjuar Erna Tolås.

STØTTEKONSERT

For Kely Mandresy-skulen på Madagaskar, med

VOSSAGOSPEL

i Nesheim kyrkje fredag
13. november kl. 19.30

Billettsal ved inngangen. Vipps og kontant.
Kr 250 vaksne, kr 50 under 16 år.

Sal av moltesyltetøy frå Gullbrå og
vanilje frå Madagaskar etter konserten.

Arr: Stiftinga Kely Mandresy i samarbeid med Nesheim sokneråd
www.kely.no



HAUSTKONSERT

- med smak av jul

Bergsdalen kyrkje

Laurdag 14. november kl. 17.00



Martha Lise H. Langeland, song



Hege Anita R. Tveito, song



Frode Vik, piano

Billettar kr 200 (vaksne) / 100 (born)
Sal ved døra, kontant eller Vipps.

Arr. Bergsdalen sokneråd



BEINHELLEREN: Nokre få trossa veret og fann vegen til utegudstenesta ved Beinhelleren.

Dårleg vêr for utegudstenester i sommar

Fleire av utegudstenestene i sommar måtte trekkje innandørs grunna dårleg vêr eller utrygge vêrmeldingar. Olsokstemna vart halde i Eidsland kapell og «Fest på kjerka» vart halden i Dale kyrkje. Det er forresten mange år sidan me har hatt godt nok vêr til å ha fest på kjerka ute, så me ventar framleis på å få halde den gudstenesta i Parken i Holhovden på Dale.

Men på Nesheim gav dei seg ikkje grunna dårleg vêr. Så

gudsteneste og matøkt vart det utandørs – for dei heller få som fann vegen til Beinhelleren den dagen. Bakluka på kyrkjetenar Anne Synnøve Nesheim (på campingstolen til høgre) sin bil fungerte som vern for organist Ann Jorun Hopen – som i dette høvet byta ut piano med saksofon – og både prest Roar Strømme og kyrkjelyden elles hadde kledd seg etter tilhøva. Og ein kan vel slå fast at faren for ei tørr preik var liten den dagen!



DET SKJER
I BEDEHUSA

VAKSDAL BEDEHUS

Storsamling søndagar kl. 11.00:

27. september, 18. oktober, 15. november.

Søndagsskule i kjellaren kl 11.30 dei same dagane.

Føremiddagstreff onsdag (NB) kl 11.30.

Andakt, song og musikk, matpause, m.m.

Kollekt . Alle er velkomne! Vaksdal Indremisjon.

7. oktober: Gjester: Torhild S. Skare, Bjørg Stormark, Karl Magnus Valle, Reidun Skurtveit.

4. november: Gjester: Ingunn og Leiv Nesheim.

2. desember: Gjester: Eva Bognøy, Audun Myksvoll.

DALE BEDEHUS

Basar: Laurdag 17. oktober frå kl. 12.00

Møter ved Sarepta: Torsdag 22. og fredag 23. oktober kl. 19.00

Møte: Onsdag 28. oktober kl. 19.00 ved Vegard Hetlebakke

Bibelhelg: Laurdag 21. og søndag 22. november kl. 18.00 ved Ole Corneliussen

KONSERTAR I DESEMBER

Laurdag 5. desember

Dale kyrkje kl. 17.00: Adventskonsert

Laurdag 12. desember

Dale kyrkje kl 16.00: Jubileumskonsert for Dale Mannskor

Søndag 13. desember

Vaksdal kyrkje kl. 16.00: Stress Ned-konsert med Rakkadeis

Tysdag 15. desember

Dale kyrkje kl. 19.00: Julekonsert med Tor Endresen m/fl

Onsdag 16. desember

Dale kyrkje kl. 19.00: Julekonsert med songlaget Strendingen og songkoret Bygdaklang

Torsdag 17. desember

Vaksdal kyrkje kl. 19.00: Soul-gospel med Kim Fairchild

Søndag 20. desember

Vaksdal kyrkje kl 19.00: Adventskonsert



Tlf. 417 94 104
E-post: tommy@tovielektro.no



Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



Din lokale rørlegger i Vaksdal
95 97 17 00



DALETEC

**Sæterdal
Elektro**



**Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 565943 00**



Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



**Alt innan
tømrararbeid**



Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no

**Falkanger Bygg er
forhandlar av Idehus**
Sjå Idehus.no

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR



HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterksaum
- Alarmanlegg
- Brannansvarlig
- Teleinstallasjoner
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

- Selskap
 - Levering av mat
 - Minnesamvære
- Tlf. 93 213 213**



Arna og Vaksdal
BEGRAVELSESBYRÅ

I livets vanskeligste øyeblikk
er vi her for deg

Døgnvakt
56 59 74 70

arnaogvaksdalbegravelse.no








LIVETS GANG



DØYPTE

Bergsdalen

05.07 Thomas Tennefoss

Dale

24.05 Styrk Århus Andreassen

30.08 Sindre Schønning

Stamnes

19.07 Jonathan Stamnes Espeland

Vaksdal

08.03 Martha Skage

20.06 Mira Kronheim

09.08 Milan Berge Slezin (i Storetveit kyrkje)

13.09 Julia Tran Edward



VIGDE

Dale

15.08 Evelyn Tvedt og Kai-Ove Grenasberg
(i Joranger kyrkje)

Stamnes

06.06 Janne Mai Nagelsen og Tommy Opheim Fanebust
(i Vangskyrkja)

Vaksdal

20.06 Wannisa Kronheim og Vegard Kronheim

18.07 Anita Olausen og Svein Hovlandsdal



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

21.06 Bernhard Martin Solberg 1948

22.06 Maj Hillevi Seim 1937

23.06 Liv Ingrid Stanghelle 1936

10.05 Jan Fredrik Pettersson 1956

(i Vangskyrkja)

02.07 Reidar Gunnar Helle 1937

(i Vangskyrkja)

20.07 Asfrid Brunborg Benevoli 1942

29.07 Bjørg Kleven 1925

14.08 Marta Øie 1942

Stamnes

23.07 Øyvind Sverre Farestveit 1937

Vaksdal

09.06 Tordis Vinsrygg 1945

20.06 Anne-Marie Langhelle 1937



**TRENGER DU NOKON
Å SNAKKE MED?**

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.
22 40 00 40 • soschat.no

PRELUDIUM 2

Du kan kjøpe
boka her:

Petersens Handleri
Dale kyrkje
Kyrjekontoret
www.zeth.no





**NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ**
Avdeling Vaksdal

DØGNVAKT: 56 99 25 70




Begravelsesbyrået med hjarte for disktriktet
og omsut for kvar einskild familie.

Botnavegen 18. 5725 Vaksdal | www.nordh-bb.no



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 27. september – 18. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste ved Strømme.
 Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 4. oktober – 19. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste med konfirmand-jubileum ved Øystese. 50- og 60-årskonfirmantane er særskild innbedne - til gudsteneste og fest i bedehuset etterpå. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 11. oktober – 20. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste dåp og konfirmand-jubileum ved Kvamsøe. 50- og 60-årskonfirmantane er særskild innbedne - til gudsteneste og fest i bedehuset etterpå. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 18. oktober – 21. søndag i treeiningstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Hausttakkefest ved Normann og Kvamsøe. Nattverd og bønnevandring. Takkoffer til Mercy Ships. Kyrkjekaffi.

Søndag 25. oktober – Bots- og bøneda

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Vegen-gudsteneste ved Normann og Kvamsøe. Utdeling av bøker til 4- og 6-åringane og Nytestamente til 10-åringane. Bønnevandring med nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjesaft/kaffi

EIDSLAND KAPELL kl. 17.00. Gudsteneste ved Strømme.
 Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 1. november – Helgemessesøndag

DALE KYRKJE kl. 16.00. Minnegudsteneste / Minnekonsert, ved Kvamsøe. Takkoffer til Kirkens SOS Bjørgvin. Særskild for pårørende til gravlagde og bisette i Bergsdalen, Dale og Vaksdal sokn, men open for alle som vil koma.

Søndag 8. november – 24. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Vegen-gudsteneste med dåp, ved Normann og Strømme. Utdeling av bok til 4- og 6-åringane og Nytestamente til 10-åringane. Dåp og bønnevandring med nattverd. Takkoffer til IKO – Kirkelig pedagogisk senter. Kyrkjesaft/-kaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Vegen-gudsteneste ved Normann og Strømme. Utdeling av bok til 4- og 6-åringane og Nytestamente til 10-åringane. Bønnevandring med nattverd. Takkoffer til Trus-opplæringa. Kyrkjesaft/-kaffi.

Søndag 15. november – 25. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Vegen-gudsteneste ved Kvamsøe. Utdeling av bok til 4- og 6-åringane. Dåp og bønnevandring med nattverd. Takkoffer til IKO – Kirkelig pedagogisk senter. Kyrkjesaft/-kaffi.


NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste ved Strømme. Nattverd. Konfirmand-presentasjon. Takkoffer til Fagertun leirstad. Kyrkjekaffi.

Søndag 22. november – Domssøndag/Kristi kongedag

Ikkje gudstenester i Vaksdal.

Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag, og på www.kyrkja.no/vaksdal for eventuelle endringar.

Ta kontakt med Kyrjekontoret viss de ynskjer dåp.



Døype barnet - eller bli døpt sjølv?

Ver velkomen til dåp!
 Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20

E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam

Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale

Heimeside: www.kyrkja.no/vaksdal

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde, og kunne sende innbyding til dåp. No får me ikkje lenger den informasjonen, og kan difor ikkje sende innbyding direkte.



DEN NORSKE KYRKJA
 Kyrkjelydane i Vaksdal